



Villanger & Sønner AS
Kvassnesvegen 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7775 - 17/244

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.01.2017

Mellombels bruksløyve - gbnr 134/449 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 004/17

Tiltakshavar: Nathalie Hayes og Kjetil Losnegård
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Det vart i vedtak datert 27.07.2016, administrativt vedtak 386/16, gitt mellombels bruksløyve for einebustad med garasje . Det vart i søknaden opplyst at det gjenstår å føra opp støttemurar. Frist for søknad om ferdigattest vart sett til 31.12.2016.

Søknad om endring av tiltaket, som omfatta oppføring av støttemurar, vart i vedtak datert 10.10.2016, administrativt vedtak 492/16, avslått. Ny søknad er under utarbeiding og det vert difor søkt om utviding av mellombels bruksløyve fram til 01.08.2017.

Det vert elles vist til søknad mottatt 19.12.2016.

VURDERING

Kommunen legg til grunn at vilkåra som vart sett i mellombels bruksløyve datert 27.07.2016 er stetta. Mellombels bruksløyve for bustad og garasje vert forlenga fram til 01.08.2017.

Skildring:

Adresse:	Vardane 149
Bygningstiltak:	Einebustad med garasje
Bygningsnummer:	300085662



VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad og garasje på gbnr gbnr 134/449 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile tiltaket
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.08.2017.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7775

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nathalie Hayes og Kjetil Losnegård Elsåsvegen 30 5912 SEIM

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS Kvassnesvegen 45 5914 ISDALSTØ